BARNEsida

Barnesida er levert av Norsk Barneblad og Nynorsk Pressekontor

Layout: GRØSET™

Crab-sticks truga av kjempe-blekksprut



På kysten av California har dei fått ein uventa gjest, ein kjempe-blekksprut. Ja, ikkje berre ein, men hundrevis av slike ubedne gjester.

Humboldt-blekkspruten er ein skikkeleg jeger som blir heile 45 kilo tung. Han jaktar på lysing, ein matfisk som også vi likar. Ja, lysing er fisken vi brukar til å lage crab-sticks. For du trudde vel ikkje at crab-sticks vart laga av krabbe?

Fiskarane i California har iallfall fått konkurranse frå uventa hald. Desse digre blekkspruta er skikkelege jegerar som ofte jaktar i store flokkar. Dei er råsterke og har eit nebb som kan knuse krabber. Men dei er ikkje farlege for folk.

Kjempeblekkspruten er komen for å bli, sjølv om han eigentleg høyrer til i varmare farvatn som til dømes i Mexicogolfen. Blekksprutane har færre naturlege fiendar no enn før. Både tunfisk og hai et blekksprut, men dei minkar i tal. Overfiske av tunfisk har minka talet på tunfisk drastisk. Stormen El Niño førte kjempeblekkspruten nordover til California, og no har han tydelegvis bestemt seg for å bli. Det blir observert stadig fleire og fleire av dei. Små nyfødde blekksprutar er også oppdaga, og då veit vi at dei er komne for å bli.

Så kanskje vi må begynne å lage crab-sticks av krabber, om det blir slutt på lysingen?

Kjelde: National Geographics

flause Colaboksen

Syster mi prøvde klede i ein butikk, og ho spurde meg om eg kunne gå ut og kjøpe litt drikke til henne. Eg sprang ut og kjøpte ein boks cola. Ute på gata, det var marknadsdag og masse folk, spela eit sambaorkester, og eg rista på colaboksen i takt med musikken. Ei lita stund brukte eg boksen som trommer også. Då syster mi opna boksen inne i prøverommet, spruta colaen overalt. Alle kleda der inne vart fulle av klissen cola. Butikkdama blei kjempesint og peika på eit stort skilt utanfor prøveromet "All mat og drikke er forbode". Syster mi skulda på meg, og eg rømde butikken i eit stort sprang. Ho måtte kjøpe kjolen ho hadde på, men heldigvis var han ganske kul, og mamma fekk vaska bort colaflekkane.

Sussi

PUSLEKRYSSORD

			N		
			E	■	
			■		
	■	■			
		■			
■					■

Moro

Skulen
– Må eg gå på skulen i dag, mor?
– Ja, du er jo rektor.

Mat
– Kva bør ein aldri ete før frukost?
– Middag.

Nedanfor finn du alle orda som skal vere med i kryssordet. Som ei lita hjelp har vi alt plassert eitt ord på rett plass.

2 bokstavar: ER NE RA RO
3 bokstavar: ARE SEG USA
4 bokstavar LAGE OTER
5 bokstavar: AGENT PARIS TRUSE
6 bokstavar: ASTRID REISER SPANSK VINTER
7 bokstavar: KVARDAG SLAVANE

Løysing på puslekryssord

■	R	E	T	O	■
G	E	S	■	R	E
A	S	U	■	■	N
D	I	R	T	S	A
R	E	T	N	I	V
A	R	■	E	R	A
V	■	E	G	A	L
K	S	N	A	P	S